

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/7943-1

Trafikktryggingsprisen 2018

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkestrafikktryggingsprisen 2018 vert tildelt: _____

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av trafikktryggingsprisen

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I fylkestingsak 39/94 vedtok fylkestinget retningslinjer for tildeling av «Fylkeskommunal trafikktryggingspris» - Sogn og Fjordane fylkeskommune. I retningslinjene pkt. 1 heiter det: Sogn og Fjordane fylke kan kvart år dele ut ein trafikktryggingspris.

Statens vegvesen/fylkeskommunen har søkt etter aktuelle kandidatar til Trafikktryggingsprisen 2018 gjennom annonsar i avisene i fylket, sosiale media som Facebook og Twitter samt brev til alle kommunane i fylket.

Innan fristen 10. september er kome framlegg på 5 kandidatar til årets trafikktryggingspris. Desse er:

1. Eid kommune v/ordførar
2. Politiet i Stryn (ved Eirik Krossen)
3. Arne Starheim
4. Norges Lastebileigarforbund avd. Sogn og Fjordane
5. Dalen Grendalag

Fylkesdirektøren legg saka fram utan tilråding.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I fylkestingsak 39/94 vedtok fylkestinget retningslinjer for tildeling av «Fylkeskommunal trafikktryggingspris» - Sogn og Fjordane fylkeskommune. I retningslinjene pkt. 1 heiter det: Sogn og Fjordane fylke kan kvart år dele ut ein trafikktryggingspris.

Trafikktryggingsprisen er på kr. 25 000,- samt diplom.

Statens vegvesen/fylkeskommunen har søkt etter aktuelle kandidatar til Trafikktryggingsprisen 2018 gjennom annonsar i avisene i fylket, sosiale media som Facebook og Twitter samt brev til alle kommunane i fylket.

Fristen for å koma med framlegg til kandidatar var 10. september.

Historikk – tidlegare tildelingar

Dei tre siste tildelingane av Trafikktryggingsprisen har gått til:

- 2017: Årdal kommune for sitt arbeid med trafikktrygging gjennom mange år. Første kommune i Sogn og Fjordane som vart godkjent som Trafikksikker kommune.
 2016: Anna og Helge Brakstad for innsatsen for mjuke trafikantar langs fv. 57 ved Heggelund i Gulen.
 2015: Redningsselskapet for det store og viktige arbeidet selskapet gjer i Sogn og Fjordane.

Innkomne forslag

Det har kome framlegg på 5 kandidatar til årets trafikktryggingspris. Desse er:

1. Eid kommune v/ordførar
2. Politiet i Stryn (ved Eirik Krossen)
3. Arne Starheim
4. Norges Lastebileigarforbund avd. Sogn og Fjordane
5. Dalen Grendalag

Kandidat nr. 1: Eid kommune v/ordføraren

Trygg Trafikk Sogn og Fjordane v/Audun Heggstad har fremja Eid kommune ved ordføraren som kandidat til årets trafikktryggingspris. Trygg Trafikk skriv følgjande:

«Trygg Trafikk Sogn og Fjordane vil føreslå Eid kommune som kandidat til *Trafikktryggingsprisen 2018*».

Grunngjeving:

Eid kommune har laga ein sykkelstrategiplan for kommunen «Sykkelstrategi 2017-2020». Kommunen er også godkjend som Trafikksikker kommune 2018-2020.

Målet med sykkelstrategiplanen er mellom anna å få meir og trygg sykling ved å:

- Få bygd ut fleire sykkelveggar og samanhengande sykkelvegnett
- Bruke eksisterande gang og sykkelveggar
- Legge til rette for sykkelparkering rundt skulane
- Gjere god og systematisk trafikkopplæring i barnehagane og skulane. Sykkelopplæringa er ein del av denne.
- Motivere til å få fleire til å sykle og få bygd opp ein god sykkelkultur i kommunen.

Som Trafikksikker kommune har Eid kommune eit godt system på trafikkopplæringa, her under sykkelopplæringa i dei kommunale skulane og barnehagane. At kommunen er godkjend som Trafikksikker kommune betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulykker, men at godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik.

Eid kommune har både Sykkelstrategiplan og godkjenninga Trafikksikker kommune. Dette er basiselement som gjer at det vert meir trygg sykkeltrafikk og mindre bilkøyning, spesielt rundt skulane både i skuletida og på fritida.

Trygg Trafikk Sogn og Fjordane meina at Eid kommune er ein god kandidat til «*Trafikktryggingsprisen 2018*.»

Supplerande opplysningar Statens vegvesen:

Av Eid kommune sitt eige dokument «Sykkelstrategi 2017-20120» kan følgjande sitat vere relevant m.o.t. Eid kommune sitt kandidatur til *Trafikktryggingsprisen 2018*:

«*Ein sykkelkultur er gratis, gjev god helse, er sosialt, forureinar ikkje miljøet og er trygt for andre trafikantar.*»

«*Måla i sykkelstrategien er høge og krev brei innsats på mange felt. Men det er verdt det. Meir sykling gjev eit betre liv, betre helse, betre miljø – og betre lokalsamfunn.*»

«*Sykkelstrategien for Eid kommune skal vere eit arbeidsverktøy for å utvikle sykkelbygda Eid og er det første steget på vegen mot å bli ein meir miljøvenleg kommune.*»

«I kommuneplanen sin samfunnsdel er denne satsinga forankra i følgjande strategi: «Sikre at barn og unge i størst mogeleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygging av trygge skuleveggar» Satsinga er følgt opp i kommunedelplan for veg og trafikktrygging, og vert gjennom sykkelstrategien utdjupa.»

«Sykkelstrategien er meint å stimulere til auka samarbeid om haldningsskapande arbeid og utvikling av ny og utbetring av eksisterande sykkelnett.»

«Dess fleire som vel å gå eller sykle framfor å bruke bil, dess tryggare vil det bli å ferdast i skuleområda.»

«Kommunen kan planlegge vidareutvikling av eige sykkelnett. Kven skal ha prioritet i trafikken, bilen eller syklisten? Svaret kan vera forskjellig alt etter kva slags strekning det er snakk om. For å oppnå auka bruk av sykkel må det leggjast betre til rette slik at sykling vert eit raskt og enkelt alternativ til bilkøyning.»

«Hovudnett for sykkel omfattar gang- og sykkelveggar som knyt saman bygdene i kommunen. I dag har vi eit usamanhengande hovudnett, der ein ofte må nytte hovudvegen for sykkelreiser mellom bygdene. Vi trur at utbygging som knyter saman bygdene gjennom eit hovudnett vil føre til at fleire vil gå eller sykle i staden for å køyre.»

«Tiltak for å auke sykkelbruk i Eid vil med utgangspunkt i sykkelstrategien bli fletta inn i handlingsdelen til kommunedelplan for veg og trafikktrygging.»

Vurdering av kandidaten:

Etter retningslinene for Trafikktryggleiksprisen pkt. 2 så kan Trafikktryggingsprisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet. Kommunen sin plan «Sykkelstrategi 2017-2020» har fokus på å leggje til rette både for at fleire kan sykle i staden for å køyre bil, og at syklinga kan skje på ein trygg måte. Slik sett stettar Eid kommune retningslinene.

Men Eid kommune er ei offentleg verksemd, som også skal jobbe med trafikktrygging. I 2017 var Årdal kommune kandidat. Det vart den gongen stilt spørsmål om kor vidt kommunar stettar retningslinene for trafikktryggingssprisen, eller intensjonen i desse. Same spørsmålet må stillast i høve Eid kommune. Men i 2017 vart altså Årdal kommune tildelt trafikktryggingssprisen.

Kandidat nr. 2: Politiet i Stryn (ved Erik Krossen)

Gunnhild Sindre har fremja politiet v/Eirik Krossen som kandidat til årets trafikktryggingsspris. Gunnhild Sindre skriv følgjande:

«Politiet i Stryn (ved Eirik Krossen) for å setje fokus på hjelmbruk i samband med traktorregistrert ATV, eventuelt også Kveen Motor (ved Knud Frausing) for det same.

ATV har blitt svært populært blant unge, og ungdom utan hjelm susande rundt på ATV (lovleg, men trafikkfarleg) var eit vanleg syn i Stryn sentrum heilt til dette vart sett fokus på. Etter denne saka i Fjordingen har gatebildet blitt eit heilt anna når det gjeld hjelmbruk.»

Supplerande opplysningar:

Gunnhild Sindre viser til ein artikkel i lokalavisa Fjordingen. Det vert sitert kort frå artikkelen:

«Det har kome ein ny generasjon yngre brukarar, som er rundt 16 år. Dei tek traktorsertifikatet, og kjøper ATV i staden for moped og lettmotorsykel, noko vi sjølv sagt synest er hyggeleg, seier Frausing. Og det er nettopp denne oppsvingen i kjøp av ATV blant privatpersonar som kan skape hovudbry. Ifølgje Krossen er der fleire personar som køyrer ATV i Stryn sentrum utan å bruke hjelm.

– Vi oppmodar alle til å bruke hjelm. Det burde eigentleg vere rein logikk, på same måte som at ein skal ta på seg bilbelte, eller ikkje hoppe frå stupebrettet frå fem meter når bassenget er tomt for vatn. Dersom ulukka skulle skje, så er sjansen mykje større for å overleve med ein hjelm på hovudet. Dessverre er det fleire som ikkje nyttar seg av hjelmen, seier han.

Bruk hjelm

For å få sjåførar til å bruke hjelm har Krossen vore i kontakt med foreldre og sjåførar, og oppmoda dei til å bruke hjelm når dei er ute og køyrer. Ved sida av dette er det lite politibetjentane kan gjere, når lovverket er som det er. Likevel håpar både han og Frausing at sjåførar brukar sunn fornuft dersom dei skal ut og køyre på hovudvegane.

– Det er veldig lite som skal til for å ta på seg ein hjelm, men dette kan fort spare livet til folk, så vi oppmodar på det sterkaste til bruk av hjelm.»

Supplerande opplysningar Statens vegvesen:

I 2014 var det registrert 1 396 ATV i Sogn og Fjordane. Dette utgjorde om lag 6 % av samla tal ATV i Norge. Om ein fordeler talet ATV i fylket på kommunane i Sogn og Fjordane ut frå folketalet, tilseier dette om lag 91 ATV-ar i Stryn kommune, i 2014. Talet er truleg noko høgare i 2018. Om lag 60 % av desse er registrert som traktor, og har ikkje hjelmpåbod. Hjelmpåbod kan følgjeleg heller ikkje handhevast av politiet, men brukarane kan oppmodast om hjelmbruk, slik politiet v/Eirik Krossen altså gjer. Resterande 40 % av ATV-ane er registrert som MC eller moped, og har hjelmpåbod. Dette kan handhevast av politiet.

I perioden 2007 – 2013 er 15 personar er drepne på ATV i Norge. I underkant av 40 personar er skadde på ATV i Norge i 2013.

Vurdering av kandidaten:

Etter retningslinene for tildeling av trafikktryggingsprisen pkt. 2 kan prisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet. Ut frå dei opplysningane vi har er det er vanskeleg å vurdera omfanget av innsatsen politiet her gjer. Dette gjeld også innsatsen til Kveen Motor (ved Knud Frausing), som også er nemnt som kandidat i framlegget frå Gunnhild Sindre.

Politiet er ei offentleg verksemd der arbeidet med trafikktrygging er blant kjerneaktivitetane. Det må difor stillast spørsmål ved om politiet såleis stettar retningslinene for tildeling av prisen. Dette spørsmålet er endå meir rett i høve politiet, enn i høve til kommunane. I 1998 vart prisen tildelt tilsette i politiet for «...eit engasjement i trafikktryggingsarbeidet utover det ein kan forvente i det daglege arbeidet.»

Kandidat nr. 3: Arne Starheim

Rune Lundemoen har fremja Arne Starheim som kandidat til årets trafikktryggingspris. Rune Lundemoen skriv følgjande:

«Mitt framlegg til kandidat for denne prisen er Arne Starheim, for tid og arbeid han har brukt for å trygge krysset mellom rv. 15 og fv. 661 på Stårheim i Eid kommune. Med handmakt, traktor og innleidd gravemaskin, har denne haugen som hindra sikt frå begge vegane no blitt fjerna. Fv. 661 er ein mykje trafikkert veg frå både Stårheimsdalen, området Starheim, vegen innover mot Myrold og byggefeltet der inne. Vegen er skuleveg for alle borna i nemnte område og vegen er nytta til mykje av fritidsaktivitetane på ettermiddag/kveld».

Supplerande opplysningar Statens vegvesen:

Statens vegvesen kjenner korkje til søknader eller løyver i denne saka, men konstaterer at mindre tiltak er utført i krysset. Vegvesenet er usikker på trafikktryggingseffekten av tiltaket som er utført.

Bileter som syner situasjonen i krysset etter tiltaket er utført:



Bileter som syner situasjonen i krysset før tiltaket er utført:



Vurdering av kandidaten:

Etter retningslinjene for tildeling av trafikkktryggingsprisen pkt. 2 kan prisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikkktryggleikarbeidet.

Ut frå tilbakemeldingar frå Statens vegvesen om både (manglande) prosess, temmeleg avgrensa omfang av arbeidet, og truleg heller liten effekt av tiltaket, meiner vi at kandidaten ikkje stettar retningslinjene.

Kandidat nr. 4: Norges Lastebileigarforbund avd. Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Lastebileigarforbund v/Jan-Ove Halsøy har fremja Sogn og Fjordane Lastebileigarforbund som kandidat til årets trafikkktryggingspris. Lastebileigarforbundet skriv følgjande:

«Norges Lastebileierforbund avd. Sogn og Fjordane driver målrettet trafikksikkerhetsarbeid. Vi ønsker å bidra mot målet om 0 drepte og hardt skadde i trafikken. Våre medlemmer er opptatt av miljø og sikkerhet. Deres ansatte har veien som arbeidsplass, og egen og andres sikkerhet har derfor høyeste prioritet. Vedlagt dokument kan en lese litt om det forebyggende arbeidet fylkesavdelingen i Sogn og Fjordane gjennomfører årlig.

Fremover nå blir det stor aktivitet med «venner på veien», der flere skoler i Sogn og Fjordane vil få besøk fra oss.

Ønsker med dette å foreslå Norges Lastebileier-Forbund avd. Sogn og Fjordane som kandidat til årets Trafikktryggingspris.»

Supplerande opplysningar Statens vegvesen:

Som vedlegg til søknaden frå Lastebileigarforbundet følgjer ein presentasjon med namnet «Trafikksikkerhet og forebyggende arbeid». Av denne presentasjonen går det m.a. fram at:

«Trafikksikkerhet og forebyggende arbeid er for NLF et viktig arbeid for å nå målsetningen om 0 drepte og hardt skadde i trafikken. Vi jobber på flere måter, både mot bileiere og deres sjåførar, men også ut mot befolkningen ellers i landet. Tillitsvalgte og ansatte bruker store ressurser i forebyggende arbeid.»

«VENNER PÅ VEIEN

Med venner på veien ønsker NLF å møte de yngste som ferdes langs veiene våre. Kampanjen retter seg mot barn i 1. og 2. klassetrinn på barneskolen. Vi ønsker med «venner på veien» å yte en ekstra innsats for å gjøre barn sikrere i trafikken. Gjennom dette arbeidet kommer vi i direkte kontakt med elevene. Målet er å lære barna mer om hvordan de skal forholde seg til store lastebiler i trafikken. Selv om målgruppene er 1. til 2. klassetrinn, gjennomfører vi kampanjen for barnehager, og for skoler som ønsker dette også for de største elevene.

Undervisningen foregår i to deler:

I klasserommet får barna en innføring i hvorfor lastebilen er nødvendig for at et moderne samfunn skal fungere. Barna får også vite litt om trafikregler og hvordan de skal oppføre seg i trafikken.

Spesielt viktig er det at de får kjennskap til «blindsoner» rundt en lastebil.

Ute i skolegården viser vi blindsoner i praksis, og alle barna får se dette selv når de får sitte i førerstolen på lastebilen som vi har med til skolen. På denne måten blir alle barna klar over hvilke områder rundt lastebilen som er «farlige». Dette er et arbeid som NLF gjennomfører

hvert år over hele landet. Kampanjen starter på sensommeren og varer frem til våren. NLF avd. Sogn og Fjordane gjennomfører kampanjen på flere skoler i fylket hvert år. Vi har allerede planlagt flere besøk på skoler i Sogn og Fjordane i høst.»

Lastbileigarforbundet har besøkt 5 skular i Sogn og Fjordane i 2017, der dei har presentert kampanjen «Venner på veien».

Vurdering av kandidaten:

Etter retningslinjene for tildeling av trafikktryggingsprisen pkt. 2 kan prisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet. Lastebileigarforbundet avd. Sogn og Fjordane legg her ned ein god innsats for auka trafikktryggleik, og stettar krava i instruksen.

Kandidat nr. 5: Dalen Grendalag i Ytre Bremanger

Svein Arne Torvanger har i skriv datert 18.08.2017 fremja Dalen Grendalag som kandidat. I skrivet frå Torvanger heiter det:

«Fremmar Dalen Grendalag i ytre Bremanger og initiativtakar og primus motor Norvall Klungresæter som kandidat til Trafikktryggingsprisen 2017. Grunngevinga er oppfølging av gatelys langs den sterkt trafikkerte vegen mellom Smedvik og Oldeide. Gatelysa er oppførte på dugnads-arbeid av bebuarane i grenda, samt at grendalaget har arrangert mange tilstellingar for å finansiere veglysa. Veglysa vert oppførte langs ein veg som er av svært dårleg forfatning og med stort innslag av tungtrafikk. Ferdslang langs vegen utan lys er risikabelt og gatelys vil gje innbyggerane i grenda ein ny og sikrere kvardag, spesielt viktig er dette no når det er ei aukande mengde med skulebarn i grenda.

Eit sitat frå Firdaposten i 2014 tykkjer eg syner i ei setning kva slags innsats som no fortener si merksemd:

«Dei har skrivne søknader, hatt utloddingar, gitt bursdagspresangane sine, baka og kokt, dansa, spelt, servert og arrangert i sju år for å skaffe pengar til veglys. No er det snart reist lyspålar heilt til endes i bygda.

Sjølv om ein i 2014 omtalte det som «snart» så gjenstår det enno noko arbeid før det er lys i alle pålar. Seinast i haust hadde Firdaposten ny reportasje om ståa for gatelys i grenda, sjå vedlegg 1. Arbeidet som vert lagt ned av dei lokale kreftene er spesielt imponerende då innsatsen med gatelys i grenda vil glede og tryggje langt fleire enn dei fastbuande der, då vegstrekka som no blir opplyst er etter opning av fastlandssambandet i 2013 hovudvegen til/frå ytre Bremanger, inkludert turistdestinasjonen Kalvåg.

Vonar framlegget til kandidat får merksemd hjå juryen og den mangeårige innsatsen blir verdsatt.»

På spørsmål frå sakshandsamar i FTU har Svein Arne Torvanger i e-post datert 03.09.2017 kome med følgjande tilleggsopplysningar:

«Om lag 3 km med veglysanlegg er no pr. dags dato ferdig bygt, med lys i armaturane. På om lag 1 km veg er det reist opp lysmaster/stolpar, men her gjenstår lysarmatur. Totalt er det snakk om vel 100 stk. lyspunkt, der i overkant av 70 stk. er ferdig monterte.»

Vidare skriv Svein Arne Torvanger:

«I dugnadstimar så er det fleire måtar å rekne. For det fysiske arbeidet med å reise pålane er der logga godt å vel 850 dugnadstimar. I tillegg så er der fleire hundre dugnadstimar ifm. innteksbringande arrangement, eg kan då igjen syne til lokalpressa som har vert flinke å dekke utviklinga gjennom fleire 10-år. I størst grad er prosjektet finansiert med midlar frå innteksbringande arrangement i regi av Dalen Grendalag. Eg kan nemne, dansegalla (ref. artikkel), sal av rømmegraut på pensjonistfestar og andre arrangement, grendalaget stilte også opp i vetvika som bar-personell for ein pen slump pengar under stor konsert der, loddssalg, basar, kakelotteri osv. Det meste som eit grendalag kan gjere for å skaffe midlar til å setje opp lys.

I tillegg har det vår innskot frå dei buande i grenda. 10 000,- per husstand er utgangspunktet, med ulike variasjonar som småbarnsfamiliar, feriehus osv. Det har vore nokre sporadiske tilskot frå kommunen, men dette utgjere eit mindre del av finansieringa av prosjektet. Vonar dette gir dykk eit godt bilete på omfanget av innsats ei grend har lagt ned for å tryggje trafikken og gi trivsel til ei grend (som også er sterkt trafikkert etter Bremangersambandet).»

Supplerande opplysningar Statens vegvesen:

Dette gjeld ei strekning av fylkesveg 616 mellom Smedvik og Oldeide. Det er etablert stolperekke over ei strekning på om lag 4 km. Men det er ikkje sett lys på heile stolperekka enno. I telefonsamtale den 11. september 2018, opplyser forslagsstillar Svein Arne Torvanger at det no er drift (lys) på om lag 3/5 av stolperekka, altså tilsvarande om lag 2,4 km lengde.

Fv. 616 har årsdøgntrafikk (ÅDT) på 800 køyretøy. Om lag 6 % tunge køyretøy. Det er 1-felts veg med breidde om lag 3 m. Det er ikkje gang og sykkelveg på strekninga. Det er spreidd busetnad. Fartsgrensa er 60 km/t (generell fartsgrense utanfor tettbyggt strøk.)

Det er registrert 3 politirapporterte personskadeulukker på strekninga:

1991: Møteulukke. 1 person lettare skadd. Dagslys.

1994: Møteulukke. 2 personar lettare skadd. Dagslys.

2002: Utforkøyring ved avsvinging i kryss. 1 person lettare skadd. Dagslys.

Med 3 registrerte personskadeulykker på 26 år kan ikkje strekninga seiast å vera ulykkesutsett. Ulukkene har skjedd i dagslys, og eit eventuelt veglysanlegg ville ikkje hatt betydning.

Når det gjeld effekten av veglysanlegg som trafikktryggingstiltak, så viser vi til Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124:

*«Veg og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke.»
«Veg og gatebelysning har ett hovedmål: Trafikksikkerhet. Det settes opp belysning for at det skal bli færre ulykker som skyldes vanskelige synsforhold på den mørke tiden av døgnet. Framfor alt ønsker man å beskytte fotgjengere og syklister, som ofte påføres store personskader ved ulykker. Erfaringer og statistiske undersøkelser visert at god belysning reduserer faren for slike ulykker vesentlig.»*

Dalen Grendalag var kandidat til trafikktryggingssprisen også i 2017.

Vurdering av kandidaten opp mot retningslinene:

Etter retningslinene for tildeling av trafikktryggingssprisen pkt. 2 kan prisen gjevast til einskildpersonar, eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikktryggleikarbeidet. Dalen Grendalag har lagt ned stor innsats i arbeidet med veglysanlegget. Vi vurderer det slik at grendalaget stettar retningslinene for trafikktryggingssprisen.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren legg saka fram utan tilråding.